

## Saksprotokoll i Kommunestyret - 03.12.2009

77/09 - ÅRSBUDSJETT 2010, ØKONOMIPLAN 2010 - 2013

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek driftsbudsjett for 2010 og økonomiplan for åra 2011-2013 med desse endringane i høve til rådmannen sitt budsjettframlegg:

Kommunestyret er bekymra for at rådmannen sitt forslag til inntekts- og formueskatt kan vera for optimistisk. Bekymringa er grunna i utsiktene for sannsynlege permitteringar i verkstadindustrien på Stord. Kommunestyret er vidare bekymra for at balansen i budsjettet er for svak sett på bakgrunn av kommunen sine investeringsplanar innanfor bl.a. skule og omsorg. Kommunestyret vedtek derfor å styrka budsjett (auka overskotet) med kr 3 135 000,-

Kommunestyret gjer vidare vedtak om å auka kostnadssida med kr 2 515 000 ref framlagte forslag.

Kommunestyret vedtek å finansiera tiltaka på til saman kr 5 650 000 som følgjer:

Reduserte kostnader:	
Andre konsulenttenester	kr. 500 000
Reinhaldstenester frå føretak	kr. 1 000 000
Transport – midtskyss	kr. 700 000
Til disposisjon for komiteane	kr. 300 000
Kurs/etterutd./skyss/kostgjerelse	
/andre reiseutgifter	kr. 400 000
Samanslåing einingar	kr. 300 000
Redusert lønsbudsjett	kr. 750 000
"Ostehøvel" (unntatt KOU+KF)	kr. <u>1 700 000</u>
SUM	kr. <u>5 650 000</u>
Auka kostnader:	
Auka tilskot lag og organisasjonar	kr 250 000
Auka tilskot SNU	kr 225 000
Ryddeaksjon	kr 100 000
Til disposisjon formannskapet	kr 800 000
HMT-koordinator, kvalitetskomm.prosj.	kr 625 000
Auka tilbod onsdagsklubben	kr 150 000
Psykisk helse – Hamna kontaktsenter	kr 75 000
Førebyggjande helse, barn og unge	kr 50 000
MOT for 10. klasse + 4 VOKT-arb.	kr <u>240 000</u>
SUM I	kr. 2 515 000
Auka overskot	kr <u>3 135 000</u>
SUM II	kr. <u>5 650 000</u>

---

Rett utskrift:

2. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjett for 2010 og økonomiplan 2011-2013 med desse endringane i høve til rådmannen sitt budsjettframlegg:

	2010	2011	2012	2013
Stord ungdomsskule	kr 1 200 000	1 800 000	20 000 000	80 000 000
Fyrøya, reduksjon	-kr 1 300 000			
Langeland skule, reduksjon	-kr 600 000			
Nye dagplassar	kr 500 000			
PC'ar til politikarane, reduksjon	-kr 600 000			

3. Kommunestyret vedtek budsjett for Stord kommunale kino slik det ligg føre.
4. Kommunestyret vedtek å ta opp kr 129 258 000 i lån i 2010 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

Til Stord vatn og avlaup KF	kr 64 278 000
Til kommunale føremål	kr 54 980 000
Til Startlån	kr 10 000 000

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra låneopptaket

5. Kommunestyret vedtek å oppretthalda gjeldande trekkrett i DNB Nor med inntil 25 mill kr. Rådmannen får fullmakt til å disponera trekkretten.
6. Skatteøyre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøyre.
7. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2010 slik det går fram av eige hefte "Betalingssatsar for Stord kommune". Dette gjeld for:
- Avgift for feiing og brannsyn
  - Avgifter for vatn, avlaup, renovasjon og slamtøming
  - Reguleringsgebyr
  - Gebyr for delingssøknader
  - Oppmålingsgebyr
  - Gebyr for byggjesak og tekniske installasjonar
8. Stord kommune vil i 2010 busetta 10 flyktningar. Familiesameiningar kjem i tillegg.
9. Rådmannen får fullmakt til å reorganisera den sentrale leiinga i kommunen i samband med nedtaket av ein kommunalsjefstilling, jf pkt 5.1.2 i budsjettkommentarane. Komiteane RHO og OOU skal ha kvar sin kommunalsjef som har komiteen sine politikk-område som hovudansvar
10. Kommunestyret vedtek oppstart av prosjekt nybygg/oppgradering Stord ungdomsskule. Planlegginga skal skje i nært samarbeid med Stord kommunale eigedomsselskap KF. Fylkeskommunen skal også involverast for å sjå på felles arealbruk, inkludert spesialbasar for utviklingshemma med stor hjelpetrong.

Sidan revisjon av kommuneplanen kan innehalda nye bustadområde som framskandar behovet for ny barneskule i området Heiane/Kårevik, må investering i nye areal på Langeland Skule avventa endeleg vedtak til etter at kommuneplanen føreligg hausten 2010.

Komité for oppvekst og utdanning skal godkjenna plan og budsjett for prosjekta.

11. Sagvåg og Litlabø barnehage sin avdeling på Litlabø vert lagt ned frå og med hausten 2010.

---

Rett utskrift:

12. Rådmannen får fullmakt til gjennomføra utbygging av 21 bustader for personar med særskilde behov. To av bufellesskapa skal vera klar til å takast i bruk innan utgangen av 2010, medan dei to siste skal vera ferdig hausten 2011. ROH komiteen skal prioritera utbyggings rekkefølgjene av dei fira bufellesskapa.

13. Rådmannen får i oppdrag å utarbeida eit forprosjekt for bygging av nye sjukeheims plassar. Forprosjektet skal godkjennast av Komité for rehabilitering, helse og omsorg. På møtet i januar 2010 vil komiteen få sak vedrørande kvar dei nye institusjonsplassane skal byggjas og framdriftsplan for desse.

14. Kommunestyret løyver kr.750 000 som tilskot til lag og organisasjonar, jfr. Frivilligmelding for Stord. Retningsliner for tildeling skal vurderast

Det er eit sentralt mål for Stord kommune å optimalisere det frivillige engasjementet, då dette gjev positive ringverknadar for Stord-samfunnet. Det er difor viktig at tilhøva blir lagt best mogleg til rette for størst mogleg grad av frivillig innsats og aktiv deltaking i samfunnsutviklinga.

15. SNU vert tildelt eit driftstilskot for 2010 på kr 1.725.000

16. Kommunestyret vil behalda 4 VOKT-arbeidarar og starta MOT-prosjektet for 10. klasse frå skulestart 2010/2011.

17. Kommunestyret ønskjer å oppretta fleire dag- og aktivitetstilbod til yngre og eldre med behov for tilrettelagte aktivitetar.

1. Kommunestyret ber rådmannen vurdere kva som må til av ressursar og lokalitetar for å etablera eit ELDRESENTER, lokalisert på Leirvik. Prospektet skal seia noko om samarbeid med frivillige og evt andre aktørar. Saka vert å koma attende til i budsjettrevisjonen i 2010.
2. Tilleggsøyving for 2010 på kr 150.000 til onsdagsklubben. Kommunestyret føreset at rådmannen tek kontakt med nabokommunane om å vera med å finansiera tiltaket (spleiselag).

18. Stord kommune opprettar stilling som HMT-leiar/konsulent. Med bakgrunn i uttalte mål og visjonar innan arbeidsmiljørelaterte område og kvalitetsforbetrande tiltak vil det vere kostnadseffektivt å opprette ein 100% stilling (auke 60% frå nivået i dag) stilling med systemansvar for Helse, Miljø og Tryggleik (HMT). Ressursar vert å henta frå heile organisasjonen (ostehøvelprinsippet på driftsbudsjettet). Driftsstyret vedtek arbeidsområde og stillingsbeskrivelse etter forslag frå rådmannen.

19. Einingane skal som prinsipp dekke eigne straumutgifter, men ber rådmannen leggje fram sak om forslag til ordning som omhandlar konsekvensar ved auka straumpris og konsekvens ved endra straumbrok i forhold til budsjett.

20. Fyrøya tas ut av investeringsbudsjettet. Investerings- og driftsbudsjett skal vurderast på nytt etter at det er framlagt planar med dokumenterte budsjett i form av driftsavtalar med interesserte partar som på sjølvstendig basis kan driva Fyrøya basert på avtalar og retningsliner frå kommunen. Rådmannen får i oppdrag å forestå denne prosessen.

21. I samband med ny idrettshall i Nordbygdo er det ønskeleg at operasjonell drift av idretts- og kulturanlegg (Kulturhuset og Vikahaugane Sportssenter) i kommunen vert samla og samordna under ein organisasjon/eining. Det vil vera naturleg at Stord kommunale eigedomsselskap KF overtek ansvaret for drifta av eigedomsmassen og at tilsette som er engasjert i drifta i dag heilt eller delvis vert overført til KF'et.

Kommunestyret ber Stord Kommunale Eigedomsselskap KF innan 30.03.2010 koma med framlegg til framtidige organisasjons- og driftsformer for idretts- og kulturanlegg i kommunen.

---

Rett utskrift:

22. Kultur/idrett, kulturskule, bibliotek, mm. er i dag organisert i egne einingar. Kommunestyret ber rådmannen innan 30.06.2010 koma med forslag om samlokalisering og samorganisering i ei felles kulturteneste under leiing av ein "Kultursjef".
23. Kommunestyret ber Stord Kommunale eigeidomselskap KF å koma med innspel til:
  - a. Betre utnytting av eigeidomsmassen til kommunen
  - b. Flytting – omdisponering av areal
  - c. Energisparing/tiltak for å arbeida mot å nå krava i miljø og energiplanen
  - d. Leggja opp til større grad av brukarkontroll/påverknad i høve til kostnader
  - e. Koma med innspel til kva eigeidomar ein kan selja for å bruka salgsmidlane til ekstraordinært vedlikehald.
24. Aktivitets tilbod for personar med utviklingshemming.  
Kommunestyret vil i investeringsprogrammet for 2010 legge inn inntil kr 0,5 mill til vidare prosjekt- og planarbeid vedrørande nye dagplassar for personar med utviklingshemming. Dette med tanke på å få opp alternative løysingar til det som til no er lagt fram i komiteen. Tidsramme: haust 2010
25. Kommunestyret ønskjer å opne døgn drift på Rehabiliteringssenteret. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ei sak med sikte på at rehabiliteringsplassane ved Stord Sjukeheim vert flytta til Rehabiliteringssenteret innan 1. kvartal 2010 og med full målsetting om drift på senteret innan utgangen av året. Det er primært rehabilitering og kortidsplassar som skal etablerast her. Dette skal løysast innanfor budsjettammene til RHO
26. Kommunestyret ber rådmannen leggja fram sak om retningsliner for klassesdeling med spesielt fokus på oppstart av 1. og 8. klasse. Saka må leggast fram i god tid før oppstart av skuleåret 2010/2011
27. Formannskapet får ytterlegare 800.000 på sin konto for å nytte til planoppgåver. Kommunen bør vera i forkant på mange område når det gjeld planar og planarbeid. Ein ber rådmannen fortløpande vurdere kva oppgåver som bør prioriterast for å stimulere til god næringsutvikling, trafikksikring, og generell utvikling i Stord.
28. Det vert sett av kr 100.000 til ryddeaksjon "Reint Stord 2010". Pengane skal nyttast i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, Sentrumsforrening, Næringsforrening; Sagvåg Forum, m fl. NMK får framlagt forslag til organisering/bruk februar 2010.
29. Kommunestyret ønskjer ei utgreiing om Stord kommune sin driftsstøtte til fysioterapeutar i samheng med budsjett 2011.

## Handsaming

### Habilitet:

Under sakshandsaminga vart det stilt spørsmål til om Omar Zahl Pettersen, Sv hadde snakka seg ugild i saka og han forlèt plassen. Pettersen vart erklært ugild med 18 mot 16 røyster.

### Røysting:

Pkt 1 – 29 Vedteke med 18 mot 16 røyster  
Driftsbudsjett for 2010 og økonomiplan for 2011 – 2013 med endringar  
Vedteke med 32 mot 2 røyster.

\*\*\*\*\*

Dem, H, Krf, Sp og V la fram ny innstilling til pkt 1 – 29, slik den ligg føre i vedtaket.

---

Rett utskrift:

\*\*\*\*\*

OVERSENDINGSFRAMLEGG:

Nils Tore Gram Økland, Ap kom med følgjande oversendingsframlegg:

Til Komité for næring, miljø og kultur

Kommunestyret oppmodar Komité for næring, miljø og kultur til å vurdere oppstart av arbeidet med busetnadsdelen av det lokalhistoriske verket i løpet av 2010 innanfor eige budsjett.  
Samrøystes vedteke oversendt

Kommunestyret vedtek at prosjektgruppa for det lokale verket held fram med arbeidet sitt i 2010 med ei ramme på kr 50.000. Komiteen finn finansiering på eige budsjett.  
Samrøystes vedteke oversendt

Til rådmann:

Kommunestyret ber rådmannen i framlegget til budsjett for 2011 og økonomiplan for 2011 – 2014 visa korleis busetnadsdelen av det lokalhistoriske verket ev kan finansierast.  
Samrøystes vedteke oversendt

Frp kom med følgjande oversendingsframlegg til driftsstyret:

Fjerning av stillingsvern.

Stord FrP meiner at stillingsvernet er negativt for et godt arbeidsmiljø og sikring av den beste organiseringa for kommunen. For å sikre at dei tilsette får best mogleg leiing må "stillingsvernet" for leiande stillingar i kommunen vurderast fjerna.

Vedteke med 23 mot 11 røyster

\*\*\*\*\*

Nils Magne Blålid, Sv kom med følgjande framlegg til budsjett:

Budsjett Stord SV 2010

Reduserte investeringar:

Politiker-PC	0,5 mill kr
Fyrøya	1,3 mill kr
Sum reduserte investeringar	1,8 mill kr

Auke investeringar:

Lys i "Langelands-svingen	0,5 mill kr
Til fond	1,3 mill kr

Endringar driftsinntekter

Auke finansinntekter	6,0 mill kr
Sal tomter og eigedom	6,0 mill kr
Reduserte konsulentutgifter	0,5 mill kr
Sum	12,5 mill kr

Næring, miljø og kultur, auka midlerlar

Miljøvernleiar	0,6 mill kr	
Auke støtte lag og orgnisasjonar	1,0 mill kr	
Lokalhistorisk verk	1,0 mill kr	
Støtte SNU		0.250 mill kr

---

Rett utskrift:

Oppvekst og utdanning, auka midlar		5,5 mill kr
Forbyggande helsevern	1,0 mill kr	
Auke delingstimar og vikartimar	1,5 mill kr	
Reduserte prisar SFO	1,0 mill kr	
Auke til kulturskulen	1,0 mill kr	
Drift Litlabø barnehage	0,35 mill kr	
Vokt og mobstillingar	0,3 mill kr	
Auka ressurs Leirvik skule pga store klassar	0,35 mill kr	

Rehab, helse og omsorg 2,0 mill kr

Helsefremmande og førebyggande arbeid 2,0 mill kr

Sum auka midlar drift 10,0 mill kr

Overskot 2,5 mill kr

Årlege konferansar i regionen innanfor miljø og universell utforming

Gjenopprette Stord energi

Litlabø oppvekstsenter må inn på langtidsbudsjettet

Kurs for tilsett på tema miljø, energi, helsefremmande og førebyggande arbeid

Universell utforming ved bygging av private bustadar, minst 75%.

To stillingar med fagkompetanse for miljø/fornybar energi i SIM

Satsing på døgn- og dagrehabilitering og rehabilitering i heimen. Omstilling av 10 mill kr innanfor eksisterande budsjett.

Offentleg og private bygg skal byggast som "passiv-hus" for å oppnå lågare energiforbruk.

Etablering av forvaltningskontor

Framlegget fekk 2 røyst

Andreas Larsen, Ap kom med følgjande framlegg:

Budsjettframlegg 2010 - Stord kommune

Driftsbudsjettet	Verknad	Kommentar
Barnehageavdeling Litlabø	350 000 (0)	1
Styrka skulebudsjett kr 100 per elev til læremidlar	265 000	2
MOT-arbeid i 10. klassesetrinn	80 000	3
Førebygging samhandlingsmidlar	780 000	4
Auka ramme SNU	200 000	5
Auka ramme VOKT-arbeidar	100 000	3
Busetnadssoge	125 000	
Nedtrekk konsulentstilling rådmannens stab -	500 000	6
Nedtrekk overordna plan og utvikling -	200 000	7
Nedtrekk disposisjon komitéar -	500 000	
Innsparing einingsindeling, vikarbruk RHO -	350 000	8
<u>Straumutgifter overført til foretak</u>	<u>0</u>	<u>9</u>
Endra saldering	0	
 Investeringsbudsjettet		
Dansegolv til kulturskulens bruk	300 000	10
<u>Nedtrekk PC til politikarar -</u>	<u>500 000</u>	<u>11</u>
Endra investeringsramme -	200 000	

Rett utskrift:

## Kommentarar til budsjettet

1)

I skulebruksplanen 2008-2015 er Litlabø-avdelinga av Sagvåg og Litlabø barnehage ein sentral del i Litlabø oppveksstenter. Arbeiderpartiet meiner plangrunnlaget krev framleis drift i avdelinga. Midlane vert å henta frå fondsmidlar, og påverkar difor ikkje salderinga av budsjettet.

2)

Stord kommune bruker 41 % av landssnittet på undervisningsmateriell. Arbeiderpartiet meiner skuleborna skal ha oppdatert materiell, og legg inn ei auke på 100 kr per elev i tillegg til rådmannens framlegg om kr 150 per elev.

3)

Arbeiderpartiet legg inn midlar til MOT-arbeid i 10. klassetrinn og VOKT-arbeidarar i ungdomsklubbane og skulane i alle oppvekstområder. Rusførebyggjande arbeid med ungdom i denne aldersgruppa er eit viktig arbeidsområde for kommunen.

4)

Arbeiderpartiet øyremerker kr 780 000 til førebygging.

5)

Når leverandørindustrien går mot vanskelege tider er det svært viktig at Stord kommune held oppe arbeidet med næringsdiversifisering. Arbeiderpartiet vil difor ikkje kutta i midlane til SNU.

6)

Stillinga vert å vurdere i budsjett for 2011.

7)

Det er oppretta stilling som plan- og utviklingskonsulent, samstundes som det er stor kompetanse på området i rådmannens stab. Ekstern utgreiing må hentast innan kr 400 000.

8)

Driftsstyret har vedtatt samanslåing av sonane i heimetenestene. Saman med felles vikarordning i omsorgstenestene gir dette ei innsparing i meir effektiv drift. Brukarane sine tenester blir ikkje råka.

9)

Komité for oppvekst og utdanning ønsker endringa.

10)

For å sikra dansetilbodet i kulturskulen ligg det inne kr 300 000 i investeringsbudsjettet til dansegolv i kommunal regi. Eininga kan nytta midlane tiltenkt leige av danselokale til auka gitarundervisning.

11)

Arbeiderpartiet ser ikkje innsparinga i prosjektet.

### Verbalframlegg

b) Kommunestyret ønsker ei utgreiing frå dei kommunale foretaka om prosessane rundt lønnsforhandlingar med dei daglege leiarane.

c) Kommunestyret meiner rimeleg parkeringsavgift i Leirvik er viktig for sentrumsutviklinga, og opnar ikkje for avgiftsauke i 2010.

d) Kommunestyret finn det urimeleg at Stord vatn og avlaup KF aukar den administrative staben med to årsverk, sett i samanheng med den venta avgiftsauken innan området. Innsparinga ved å ikkje tilsetje går til nedtrekk av avgifter til vatn og avlaup.

e) Kommunestyret ber rådmannen greia ut betring av Almåsvegen innan budsjettvedtak 2011. Vegstandarden hindrar utbygging i Sagvågsområdet som føresatt kommuneplanen.

f) Kommunestyret ønsker å flytta rehabiliteringsplassane ved Stord sjukeheim til Stord kommunale rehabiliteringssenter i løpet av fyrste kvartal. Det er ei målsetnad å ha full drift ved rehabiliteringssenteret innan utgangen av året.

Framlegget fekk 8 røyster

---

Rett utskrift:

Thor Gunnar Bjelland, Frp kom med følgjande framlegg:

Reduksjonar i driftsbudsjettet :

	Anslag innsparing
Ta bort betalte lunsjpausar	1.500.000,-
- ca. 500 årsverk har ikkje tariffesta betalte matpausar.	
- Dette utgjør ca. 20 årsverk.	
- Innsparing av 4 stillingar pr. år.	
Reduksjon av Kulturskule tilbodet	400 000,-
- Effektivisering / reduksjon av drift / auka inntekter.	
Feiing og brannberedskap	1.000.000,-
- Eininga blir lagt inn under annan eining	
Avvikle avgiftsparkering i Leirvik Sentrum	450.000,-
Tilrettel. / Bistand til Næringslivet	500.000,-
	3.700.000,-
Konkurransenutsette deler av :	
IKT	1.000.000,-
Feiing	0,-
Stord Kommunale kino	500.000,-
	1.500.000,-
Stillingsreduksjonar :	
Administrative stillingar	1.500.000,-
Kulturtenester	500.000,-
	2.000 000,-
Flytting av kommunale kontor m.m. til egnebygg	1.000.000,-
Totale reduksjonar i driftsbudsjettet	8.350.000,-
Styrking av driftsbudsjettet :	
Oppvekst og utdanning	4.000.000,-
- Lærebøker, - Delingstimar, - Vikartimar, - Vokt ordninga	
Styrking av MOT i Skulen også i 10 klasse	250.000,-
Rehabilitering, helse og omsorg	2.000.000,-
Opning av Rehab Senteret	
Litlabø Barnehage	350.000,-
Døgnkassanering Stord Brannvesen	1.500.000,-
Tilskot Lag og organisasjonar	250.000,-
Total styrking av driftsbudsjettet	8.350.000,-
Inntekt på sal av kommunale eigedommar	30.000.000,-
Bygg og eigedommar som må vurderast selt :	
Fyrøya, Sunnhordlandskaien, Turnhallen, Teknisk Bygg, Kulturhuset og Kommunalt eigde bustader.	

Framlegget fekk 6 røyst

Verbalframlegg:

Ekstra inntekter inn som eigen budsjett post

Stord FrP meiner at alle einingar der dette er naturleg skal ha ein eigen budsjett post for "ekstra inntekter" Dette skal sikre at det ikkje berre er et ein-sidedig fokus på kostnadsreduksjonar i kommunal sektor. Mange av einingane i kommunen har moglegheit for å selje tenester til det private næringslivet i større grad en tilfellet er i dag.

Framlegget fekk 6 røyster

---

Rett utskrift:



Aktivt bruka lag og organisasjonar inn mot skule.

Med bakgrunn i det svært gode arbeidet som lag og organisasjonar utfører i kommunen, bør ein vurderer nærare om lag og organisasjonar kan brukast meir aktivt til å utføre tenester innan skulesektoren m.m  
Framlegget fekk 8 røyster

Offentlig privat samarbeid for ny skule i Kåreviks området.

Stord FrP ynskjer at Stord Kommune ser på muligheit for bruk av Offentlig Privat Samarbeid for bygging av ny skule i Kåreviks området. Dette for snarast å skaffa nødvendig skulekapasitet for denne krinsen.  
Framlegget fekk 8 røyster

---

Rett utskrift: